



MØTEPROTOKOLL

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Stryn vidaregåande skule
Møtedato	25.10.2017
Kl.	10:30 – 15:45

Faste medlemmer til stades:

Karianne Torvanger (Ap)
Henrik Oppen (Ap)
Senea Sabanovic (Ap)
Gunn Åmdal Mongstad (Sp)
Anders Ryssdal (Sp)
Ole Johnny Stubhaug (Sp)
Trude Brosvik (KrF)
Alfred Bjørlo (V)
Sonja Merethe Øvre-Flo (H)

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Fylkeshovudtillitsvald Jasmin Eminovic
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

Sekretariat for møtet:

Førstekonsulent Merete H. Nornes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Karianne Torvanger og Sonja Merethe Øvre-Flo vart valde til å godkjenne møteboka på vegne av hovudutvalet for opplæring.

Munnlege orienteringar:

Besøk ved Stryn vidaregåande skule

Innleiing ved rektor Anders Magne Bruvoll.

Møte med leiing og tillitsvalde.

Tema 1: Gjennomføring og formidling.

- Korleis arbeider skulen med å auke gjennomføringa?

Tema 2: Den lokale samfunnsrollen.

- Kva samarbeid, nettverk og synergjar er det mellom skulen og lokalsamfunnet?
- Kva samarbeid er det med andre skular i regionen og fylket?

Møte med elevrådet.

- Kva saker arbeider elevrådet med?

Tema 1: Trivsel

- Korleis fungerer skulehelsetenesta og miljøkoordinator?

Tema 2: Mestring

- Korleis var overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule?
- Fekk de relevant rådgjeving ved innsøking til vidaregåande opplæring?

I tillegg til orienteringar var det omvising på skulen.

Orientering ved Stryn næringsssamskipnad ang. behovet for teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule, vedlegg 1.

Orientering ved LocalHost v/Øyvind Reed om behovet for IT-utdanningar i framtida, vedlegg 2.

SAK 28/17 Skriv og meldingar HO 25.10.2017

Følgjande skriv vart handsama:

- 1: Arbeidsgruppe pedagogisk psykologisk teneste
- 2: Spørsmål om VGS-samanslåing og språkbruk
- 3: Svar på spørsmål om VGS-samanslåing og språkbruk
- 4: Friare skuleval – konsekvensar for skuleåret 2017-18
- 5: Skoletinget 2018
- 6: Svar på oppdragsbrev OB 19-17 – Forslag til fast ordning med fylkesvise eller regionale mobbeombud
- 7: Støtteskriv for IT-utdanningar på vidaregåande nivå
- 8: Næringslivet i Nordfjord har behov for YSK IT ved Måløy vidaregåande skole

---//---

VEDTAK:

Hovudutvalet for opplæring ber administrasjonen gjere ei vurdering av opplæringstilbodet 2018-2019 opp mot skulebruksplanen og innspela frå arbeids- og næringslivet.

---//---

- 9: Høring- Forslag til forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for 2018-2016 (lagt fram i møte)
9a: Høringsnotat forslag til endringer i forskrift om tildeling av utdanningsstøtte

---//---

VEDTAK:

I framlegg til statsbudsjettet foreslår departementet å auke avstandsgrensa for å kunne få bortebruarstipend.

Etter gjeldande regelverk kan elevar i vidaregåande opplæring få bortebruarstipend dersom dei ikkje bur heime hos foreldra sine og avstanden mellom heimen til foreldra og skulen er 40 km eller meir, eller om reisetida er tre timar eller meir samla kvar dag. Forslaget inneber å heve avstandsgrensa frå 40 km til 60 km.

Dette er endringar som vil ramme elevar frå Sogn og Fjordane hardt. Sogn og Fjordane er eit distriktsfylke som trass ein desentralisert skulestruktur, har flest hybelbuarar. Rundt 800, dvs. 30%, av våre elevar bur på hybel, og endringane som er foreslått vil ramme 230 av desse. Å pendle med buss, eller buss + båt, tre timar pr. dag, på smale og svingete vestlandsvegar, er ei stor belastning og vil gå hardt ut over både skule og sosialt liv for elevane. I distriktet er reisetid og kommunikasjonstilbod avgjerande, ofte meir enn kor mange km du bur frå skulen. På ein del av strekningane eksisterer det pr. dato ikkje skuleruter. Hovudutval for opplæring er sterkt imot desse endringane og ber om at gjeldande regelverk vert vidareført.

---//---

SAK 29/17 Møteplan hovudutvalet for opplæring 2018

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Dag	Dato	Møtestad	Saker til handsaming
Onsdag	14.feb	Eid vgs	
Torsdag	22.mar	Fylkeshuset, Leikanger	Justering av opplæringstilbodet 2018 - 19
Onsdag	30.mai	Fylkeshuset, Leikanger	Tertialrapport 1/2018
Onsdag	29.aug	Høyanger vgs	
Tysdag	25.sep	Fylkeshuset, Leikanger	Tertialrapport 2/2018, Budsjett 2019/økonomiplan 2019 - 22
Onsdag	24.okt	Firda vgs	
Tysdag	20.nov	Fylkeshuset, Leikanger	Budsjett 2019, økonomiplan 2019 - 22, Opplæringstilbodet 2019 - 20

Endringsframlegg:

Hovudutvalet kom med følgjande framlegg til endring:
Møtet 22. mars vert flytta til 3.april

Avrøysting:

Framlegget til fylkesdirektøren med endringa som går fram av endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Dag	Dato	Møtestad	Saker til handsaming
Onsdag	14.feb	Eid vgs	
Tysdag	3. april	Fylkeshuset, Leikanger	Justering av opplæringstilbodet 2018 - 19
Onsdag	30.mai	Fylkeshuset, Leikanger	Tertialrapport 1/2018
Onsdag	29.aug	Høyanger vgs	
Tysdag	25.sep	Fylkeshuset, Leikanger	Tertialrapport 2/2018, Budsjett 2019/økonomiplan 2019 - 22
Onsdag	24.okt	Firda vgs	
Tysdag	20.nov	Fylkeshuset, Leikanger	Budsjett 2019, økonomiplan 2019 - 22, Opplæringstilbodet 2019 - 20
